



Solglytt Ungdomslaget v/ Frode Sjursen
Tjørnavegen 53
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/257 - 16/1832

Saksbehandlar:

Anngunn Marie Gullbrå

anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:

01.02.2016

Retting av feil og manglar i matrikkelen- Gbnr 21/14

Administrativt vedtak. Saknr: 32/2016

Saksutgreiing:

Matrikkelen er landets offisielle register over fast eigedom, og under dette bygningar og adresser. Retting av feil og manglar krev normalt dokumentasjon frå den som har sendt inn krav om retting, jf. Matrikkellova §26.

I aktuelle sak har kommunen tatt opp retting av matrikkelgrenser av eige initiativ, då det vart oppdaga feil i grensene til denne eigedommen i samband med at tilleggsarealet til denne tomte skulle skøytast over på rette eigar. Kommunen ser feilen ved denne eigedommen så openbar og så tilstrekkeleg dokumentert at kommunen har funne det tilrådeleg å gjere vedtak om retting utan førehandsvarsel.

Rettinga går ut på å endra grensene til 21/14 i matrikkelkartet til å vera meir i samsvar med skyldskiftet. Slik den ligg i kartet i dag er eigedommen om lag berre halvparten av utstrekninga den skal ha etter skyldskiftet. Kvaliteten på eigedomsgrensene vert ikkje endra ved rettinga. Grensene frå skyldskiftet vert ikkje merka eller målt og vert framleis liggande som usikre grenser, men vil etter retting stå fram som vesentleg meir rett enn dei var før retting.

Som dokumentasjon på grensene har kommunen skyldskiftet over eigedommen, samt protokoll frå kartforretning over tilleggsarealet 21/26 som begge syner at grensa mellom 21/14 og 26 skal vera 51,5 m og ikkje knappe 26 m slik den ligg i kartet i dag.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vurdering:

Meland kommune finn det dokumentert at eigedomsgrensa til 21/14 skal vera slik kartvedlegg dat. 01.02.2016 syner og har retta grensa i samsvar med det. Grenselinjene på kartvedlegget samsvarar med dei som er oppgitt i skyldskiftet. Eigedomsgrensa til vegen vert ikkje endra og ein ser det difor ikkje nødvendig å varsle Statens Vegvesen i denne saka.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner i medhald av matrikkellova § 46, retting av matrikkelgrenser til gnr 21 bnr 14 i samsvar med skyldskifte og vedlagt kartvedlegg.»

Denne avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova og kan klagast på av partane til Fylkesmannen i Hordaland innan 3 veker, jf. Forvaltningslova §28, matrikkellova §46 og matrikkelforskrifta §21.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Framlegg til rette grenser 21_14
21_14etter retting

Mottakere:

Frank Rune Hopland	Dalstøvegen 53	5918	FREKHAUG
Solglytt Ungdomslaget v/ Frode Sjursen	Tjørnavegen 53	5918	FREKHAUG
Trond Dale	Bjørnestadvegen 175	5918	FREKHAUG